



**Stranda kommune**  
**Næring og teknisk**

Saksbehandlar: Andreas Standal Eikrem

---

Vår ref.: 19/30-5

Dykkar ref.:

Arkiv: K2 - L12

Dato: 08.02.2019

### Supplerande oppstartsmøte Fausadalen

Supplerande oppstartsmøte for Detaljregulering Hyttefelt Fausadalen. 06.02.2019

Til stades: Ola Kibsgaard-Petersen, Kenneth Gårdsvoll (Kibsgaard-Petersen AS), Steinar Aanning

(leiar for Fausadalen Grunneigarlag), Andreas Standal Eikrem og Cato Andersen frå Stranda kommune.

Hensikta med møte var å få klarheit i korleis ein skulle etterkome planutvalet sitt ynskje om å få til ein heilskapleg rullering av heile reguleringsplanen for Nysætervatnet.

**Grunneigarmøte i Fausdalen:** Det vart avhelde grunneigarmøte med alle grunneigarane i Fausadalen i slutten av Janaur. Grunneigarlaget er positive til ei rullering av heile reguleringsplanen «Nysætervatnet» frå 2006 og er no tiltakshavar for planforslaget. Planområdet vert derfor endra frå det som ligg i saksdokumenta for oppstart til å gjelde heile planområdet for «Nysætervatnet» frå 2006, men med ei lita justering i sjølve Nysætervatnet- som gjer at planområdet no utelukkande ligg i Stranda kommune. Stranda kommune ser positivt på dette, då ein vil få ein heilskapleg oversikt over nye og etablerte hyttefelt, samt at ein får justert føresegner til dagens standard.

**Infrastruktur:** Grunneigarar har leigd inn entrepenør for å lage ein plan på korleis ein best kan løyse infrastrukturen i området. Dette gjeld blant anna spørsmål rundt vatn, overvatn, avlaup, sløkkjevatt med meir. Det vert lagt vekt på å minimere inngrepa i terrenget, samt er det eit mål å spre trafikken meir i heile området slik ein unngår opphopingar på strategiske plassar. Vidare skal den planlagde infrastrukturen ta omsyn til sommar og vinteraktivitetsløyper som gjeng gjennom området. Det skal også gjerast eit arbeid med å justere plankartet slik det stemmer med korleis vegar i området ligg i dag. Samt skal det lagast ei heilskapleg vegløyving for heile området, ein legg vekt på å å ikkje gjere store terrenginngrep i blant anna myr og vatn for å løyse dette. Tiltakshavar ser føre seg å til dømes nytte duk og nett for å sleppe å fjerne myr. Det skal også utarbeidast ein privatrettsleg intensjonsavtale på vegrett mellom dei ulike grunneigarane.

**Fortetting:** Tiltakshavarane vil nytte nye områder innanfor rammene til «Reguleringsplan Nysætervatnet 2006», som i dag er regulert som friluft og landbruksområder. Dette med ei omregulering av deler av desse areala til hytteformål samt delvis / punktvis fortette eksisterande hytteområder. Det vert likevel lagt vekt på ein hensiktsmessig avstand mellom hytter som kan stette branntekniske krav samt det luftige særpreget i hytteområda. Tiltakshavarane vil særskilt framheve at dei ikkje ønsker hytteområder øst for eksisterande reguleringsplan, dette for å halde på særpreget til Fausadalen med at hytteområda er adskilt frå dalføret. Tiltakshavarane meiner også med dette at behovet med «friareal» tilstøytande til Hytteområder er stetta.

Refferatet er godkjent av:

  
Stranda kommune



---

Postadresse:	Besøksadresse:	E-post	Telefon	Telefaks	Organisasjonsnr.
6200 STRANDA	Øyna 13	post@stranda.kommune.no			964 980 098

Med vennleg helsing  
Stranda kommune

Andreas Standal Eikrem  
Planleggar

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.*

---